

Sluttrapport

Byregionprogrammet «Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst og utvikling»

September 2018

Sunnhordland har delteke i programmet i fase 2 med prosjektet "Byen og regionsenteret Stord – lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland!"

Bakgrunn

Føremålet med prosjektet er å medverka til ein robust senterstruktur i Sunnhordland, som gir grunnlag for – og legg til rette for god handel, gode og tilgjengelege offentlege og private tenester, rikt kultur –og fritidstilbod, miljøvenleg transport og attraktive og gode lokalsamfunn. For å få dette til må det gjennomførast tiltak innafor tema / samfunnsområde med utgangspunkt i samhandling mellom byen og omlandet for å fremja økonomisk vekst i regionen.

I fase 1. vart det gjennomført ein prosess for å koma fram til fire satsingsområder:

Strategi 1. Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling

Ved å vidareutvikla eksisterande næringsliv, skapa nye møteplassar på tvers i bransjar og imellom ulike bransjar skal innovasjon og nytenking sikra eksisterande arbeidsplassar og utviklast nye.

Strategi 2. Den tette byen

Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå.

Strategi 3. Saman er me sterke

Ved å utvikla tette samarbeidsarenaer skal regionen vidare utviklast til å verta attraktiv for nye innbyggjarar og for dei som alt bur her.

Strategi 4. Kompetanseregionen

Behalda og utvikla kompetansen i regionen.

A-eigar er Stord kommune

Prosjektansvarleg Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune

Prosjektleder Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styringsgruppe :Samarbeidsrådet for Sunnhordland (ordførarar og rådmenn i regionen)

Eventuell presisering av mål for prosjektet

Mål for prosjektet er Regionbyen Stord-lokomotiv for vekst og utvikling!

Det er ikkje gjort endringar i målsetjinga med prosjektet, og i søknaden var det lagt inn strategiske mål, indikatorar og måltal på alle tiltaka.

Beskrivelse av aktivitetane dei største aktivitetane

Strategi 1. Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling

Ved å vidareutvikla eksisterande næringsliv, skapa nye møteplassar på tvers i bransjar og imellom ulike bransjar skal innovasjon og nytenking sikra eksisterande arbeidsplassar og utviklast nye.

Det er prioritert seks tiltak under denne strategien.

Større arbeid er i prosjektperioden

Matklynge

Hausten 2015 utarbeidde 10 bedrifter frå næringa ein strategi og handlingsplan for vidare satsing i for etablering av klynge Matfatet Sunnhordland.

Målet var å mobilisera bedrifter / produsentar i Sunnhordland til å sjå moglegheiter for produktutvikling ved å nytta lokale råvarer. Gjennom arbeidet i klynge skal deltakarane arbeida med å formidla kunnskap om lokale råvarer og dei økonomiske og konkurransefortrinn dette kan utgjera for bedriftene. I tillegg skal arbeidet ha fokus på kompetanse og å fremja bruk av lokale råvarer til å styrke konkurranseevne, nyskaping og utvikling

Det har også vore samlingar med produsentar i regionen for å få til eit samarbeid om produkt og produktutvikling og for å få fleire bedrifter med inn i klynge.

Det er no over 30 deltakarar i klynge, med representantar frå produsentar, serveringsstader og reiselivsnæringa.

Resultat

Auka samarbeid mellom aktørar i heile verdikjeda. Fleire nye produsentar og auka fokus på lokalmat frå regionen. Gjer ringverknader til reiselivsnæringa.

Reiseliv

visitSunnhordland var Sunnhordland si satsing på reiseliv. Gjennom Byregionprogrammet er dette utvikla seg til å bli ei reiselivsklynge med 80 reiselivsbedrifter. Gjennom Byregionprogrammet er det gjennomført ein merkevareprosess, der bedriftene har vore svært aktive. Merkevareprosessen enda opp med ein god strategi for ei vidare satsing under merkevara Kystperleriket Sunnhordland . Prosessen har ført til ei sterkare klynge og til eit auka samarbeid mellom bedriftene

SKAP – lokal utvikla kompetanseprogram for reiselivsbedrifter og lokalmatprodusentar.

Gjennom Byregionprogrammet er det utvikla eit kompetanseprogram.

Programmet har fokus på metodar for vekst og berekraftig utvikling av bedriftene, forretningsplanlegging, merkevarebygging, utvikling av unike opplevingar, mat, kommunikasjon. Ikkje minst samarbeid og utvikling og synleggjering av reiselivet.

Det vart hausten 2016 starta eit samarbeid mellom reiselivsbedrifter med fokus på kyst. Dette er i samarbeid med Bergen reiselivslag og to andre destinasjonar langs kysten i Hordaland. Dette prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Frå Sunnhordland er det i utgangspunktet fem bedrifter med i nettverket/klynge

Resultat

Auka samarbeid og utvikling mellom bedriftene og sterkare profilering av ein felles merkevarestrategi. Prosjektet har ført til ei mykje sterkare reiselivsnæring i regionen .

Geopark Sunnhordland

Sunnhordland har ein svært variert geologi, grundig omtalt i ei lang rekke geologiske publikasjonar fra 1880-talet og fram til i dag. Det vart gjennomført eit foprosjekt som konkluderte med at det bør vera eit grunnlag for etablering av Geopark Sunnhordland.

I ein workshop våren 2017 var grunnlaget for ein geopark i Sunnhordland oppe til profesjonell vurdering. Forumet var samansett av geologar og ein arkeolog med spesiell kjennskap til Sunnhordland. Konklusjonen var at det geologiske grunnlaget er tilstades dersom ein ser det i samanheng med kulturhistoria i området.

Det er konkludert med at Geopark Sunnhordland skal utviklast gjennom eit klyngesamarbeid med utgangspunkt i Moster Amfi AS, Sunnhordland Museum, VisitSunnhordland og Steinparken i Rosendal.

Det er sendt søknad om norsk status til NGU i Trondheim. Avgjerd innan desember 2018.

Industri

Det er starta eit arbeid med å etablera industriklynga «Teknologiklynge for Digital Utvikling» (TekDU). Bedriftene er nyetablerte, dyktige og nytenkande gründerar som er digitale utviklarar og programmerarar og dei fleste er knytt til ein inkubator. I tillegg vert det arbeidd med å kopla dei saman med allereie eksisterande næringsliv – og ikkje minst etablera eit nettverk som i framtida kan motivera nye aktørar til å satsa.

Industriklynga "Rubbestadneset.no"

Dette er ei klynge av 6 industribedrifter som er verdsleiande innan for maritim sektor. Bedriftene har funne saman gjennom felles prosjekt og har gjennom kompensasjonsmidlar for tapt arbeidsgjevaravgift fått ein solid økonomisk plattform for vidare arbeid. For å vidareutvikla klynga , styrka konkurransevne aog halda på den unike kompetansen, satsar no desse seks tungt på eit tettare og meir strategisk og operasjonelt samarbeid. Byregionprosjektet si rolle her har vore å kopla kompetansen og erfaringar frå klynga Maritim Clean Tech til oppstart av klynga, samt å bistå prosjektleiar i ein tidlegfase. Byregionprogrammet har ikkje hatt noko rolle etter 2016.

Kultur/ festival

I Sunnhordland vert det i løpet av året arrangert eit utal kultur og musikkfestivalar. Feles for fleire av dei er at økonomi og ansvar er lagt til få personar og gjennomføringa vert gjort på dugnad. Fleire signaliserer at dei må organiserast som ein formell organisasjon.

Festivalarrangørar ynskjer å arbeida tettare saman og eit klyngesamarbeid er starta.

Dette samarbeidet er sjølvgåande, og byregionprogrammet har ikkje hatt noko rolle her sidan 2017.

Strategi 2. Den tette byen

Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå.

Det er prioritert fire tiltak under denne strategien.

Sentrum

Mulighetsstudie

Visjonen for Leirvik som regionscenter er klart definert i Byregionprogrammet:
"Byen og regionsenteret Stord – eit lokomotiv forvekst og utvikling i Sunnhordland!"

Ynskjeleg resultat er auka samspel mellom kommunane, innbyggjarane og næringslivet i regionen, nye arbeidsplassar og styrking av eksisterande.

Etter ein anbudsrunde fekk Link Arkitektur oppgåva med å gjennomføra Mulighetsstudien.

For å få innspel og skape eigarskap til studien vart det arrangert ein idédugnad der det vart jobba med visjon som eit overordna tema. Det viste seg at både visjon og mål i Byregionprogrammet samstemte svært godt med dei funna som vart gjort i idédugnaden. I samtlege øvingar som vart

gjennomført, viste resultatene tydelege ynskjer om eit meir inviterande, folksamt, aktivt og ope sentrum i Leirvik.

Det var heilt klare signal om at det trengs betre møteplassar, meir samanhengande gang- og sykkelveggar og tverrforbindelsar. Leirvik skal i framtida verta eit sentrum ein ynskjer å bli verande i både som arbeidstakar, bebuar og som besøkjande. Leirvik sentrum skal verta ein stad ein er stolt av! Målet med det vidare arbeidet er å samanstillja visjonen for Leirvik som regionsenter med dei samla resultatene fra idédugnad, innspel og analyse for å finne kva verkemiddel ein meiner vil kunne bidra til å bere fram visjonen om Leirvik, -visjonen om Vikjo.

Link til Mulighetsstudien

<https://spaces.hightail.com/space/E4ZboVGvWz>

Resultat

Mulighetsstudien rår kommunen til å binda saman, framheva og forsterka for å utvikla regionsenteret. Konklusjonen er at det trengs berre litt polering for å få sentrum til å framstå skinande og attraktiv. Det vert rådd til å starta med torget og strandpromenaden, så vil utviklinga gå raskare når lokomotivet for vekst og utvikling først har begynt å rulla!

Gjennom Byregionprogrammet har kommunen fått eit verktøy til å utarbeida planar for utvikling av regionsenteret.

Det er og gjennomført ein temadag med fokus på utvikling av regionsenter.

Vegen mot attraktive regionsenter

I samarbeid med Byregionprogrammet i Os, Fjell, Sund og Øygarden, Hordaland fylkeskommune og Sunnhordland vart det i april 2018 arrangert ein konferanse «Vegen mot attraktive regionsenter» Her var innlegg frå forskarar, arkitektar, byplanleggarar og begge Byregionsprosjekta i Hordaland.

Hordaland Fylkeskommune har «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» og har vore flinke til å engasjera seg i Byregionprogrammet og å sjå samanhengen i regionsenterutviklinga og tiltaka i BYR.

Samferdsle

Bussen i Sunnhordlandsbassenget

Berekraftig bybane på sjø

Sunnhordlandsbassenget må reduserast som barriere og igjen etablerast som ei viktig transportåre. Det må tenkjast nytt i høve til sjøtransport. Snøggbåten bør bli "Bussen i Sunnhordland" og sjøtransporten må knytast opp mot terminalar i sentrumsområda.- innspel frå fase1.

I dette arbeidet er "Berekraftig bybane på sjø" inkludert.

Det er gjort avklaring på at Maritim Clean Tech sin "Urban water shuttle" kan tilpassast Sunnhordlandsbassenget. Forprosjekt for å utvikla båten er rigga.

Resultat

I fase 1. kom det fram at Stord har utfordringar når det gjeld Stord si rolle som regionsenter, og særleg kontakten mellom Kvinnherad og Stord er ei utfordring grunna for dårlege hurtigbåtforbindelsar. Ei politisk arbeidsgruppe er sett ned og arbeider for å få ei betring i noverande rutenett, men og at det er rigga eit forprosjekt som skal gjera vurderingar for å sjå på framtidens hurtigbåt Urbane Water Shuttle. Målet er å ha konseptet klar til hurtigbåtsambanda skal ut på anbod i 2023, og at det då vert stilt miljøkrav.

Strategi 3. Saman er me sterke

Ved å utvikla tette samarbeidsarenaer skal regionen vidare utviklast til å verta attraktiv for nye innbyggjarar og for dei som alt bur her.

Det er prioritert seks tiltak under denne strategien

Aktivitetar:

Ambassadør og Sunnhordlandstreff

Ambassadørtreff har vore ein møteplass mellom kommunar og næringsliv i forkant av Sunnhordlandstreffa, som er eit arrangement for å rekruttera studentar tilbake til regionen.

Ambassadørtreff

Situasjonen i næringslivet har endra seg ved at regionen i 2016-2017 vart hardt råka av oljeprisfallet. Dette førte til oppseiingar og permitteringar i industrien i regionen. Bedriftene prioritert likevel å delta på ambassadørtreff og Sunnhordlandstreff.

På ambassadørtreffa har fokus blant anna vore tema som er prioritet i Byregionprogrammet. Det har vore lagt opp til ein presentasjon av tema før gruppearbeid med utdjuving av tema.

Tema har blant anna vore "Korleis kan ein best løfta saman i prosessen med å auka attraktiviteten i Sunnhordland?"

Hovudinnspela her var ulike samarbeidsformer innan offentleg tenestetilbod, næringsliv og reiseliv. Klynger, framsnaking, infrastruktur, innovasjon og entreprenørskap var sentrale stikkord.

Eit anna tema har vore» Kva oppgåver/utfordringar er viktigast å få løyst for at Sunnhordland framleis skal vera ein attraktiv region å etablere seg i og busetja seg i.

Hovudinnspela her var kompetanse, innovasjon, grønt skifte, framsnaking, merkevara Sunnhordland Det har og vore arrangert eit ambassadørtreff saman med Haugesundregionen, der tema var

" Kva trur me skjer med regionane når Hordfast og Rogfast etter kvart kjem- i forhold til felles bu-og arbeidsområdet?"

Fleire omveltningar er i gong og kva gjer dette med oss? Kva vert krevd i høve endringar og kompetanse?

Her var det innlegg frå politikarar og kunnskapsdeling mellom bedriftene.

Sunnhordlandstreff

Sunnhordlandstreffa er viktige møteplassar mellom studentar, bedrifter, det offentlege og representantar frå kulturlivet i Sunnhordland.

Her har ein møtt potensielt nye sunnhordlendingar og informert og inspirert om moglegheiter i regionen. I alt har det vore tilsaman ca.1000 deltakarar på treffa. Treffa har vore i regionsenteret Leirvik, Bergen, Oslo og Trondheim.

Resultat

Gjennom Byregionprogrammet er det knytt mykje betre kontakt mellom politikarar og næringsliv. Aktuelle tema er sett på dagsorden.

Det har vore arrangert 6 ambassadørtreff og sunnhordlandstreff. Regionen står meir samla i både omdømmebygging og rekruttering. Det kan visast til synlege resultat innan rekruttering.

Vidareutvikla Buisunnhordland

Det har i heile perioden vore arbeidd med ei vidareutvikling av Buisunnhordland.

Arbeidet har gått på å involvera fleire bedrifter og å forbetra kommunikasjonen ut slik at fleire vert kjent med dei mogleheitene og dei kvalitetane ein finn i Sunnhordland.

Omdømme – skapa gode barndomsminne

Dette er ikkje ein eigen strategi, men er prioritert som eit hovudtiltak med fire satsingsområder.

Det er representantar frå ungdomsråda som har prioritert dette satsingsområda.

Delprosjektlear har hatt møte med to av ungdomsråda og eit møte med dei ansvarlege for ungdomsråda i kommunane. Det er gjennomført eit "Sunnhordlandsting" for alle ungdomsråda, der ein del av samlinga var ein work shop der råda fekk koma med innspel til kva dei såg som viktig for utvikling av regionen .

Strategi 4. Kompetanseregionen

Behalda og utvikla kompetansen i regionen.

I arbeidet med byregionprogrammet er det prioritert å arbeida for fleksible løysingar, som vidareutvikling av den kompetansen som er i bedriftene tilpassa den omstillinga som kjemi høve til manglande ordrettilgang i offshoreindustrien.

Det er ikkje rekruttert delprosjektlear, men kjøpt tenster hjå Stord næringsråd og Kvinnherad Næringssservice.

Det var prioritert 5 tiltak under denne strategien.

Høgskulen Stord – Haugesund

Høgskulen Stord- Haugesund er ein svært viktig kompetanseleverandør, og eit av tiltaka var å sikra Høgskulen Stord- Haugesund (HSH) sin posisjon ved høgskulereforma.

Politisk miljø i Sunnhordland har vore tydlege på at HSH ved ein fusjon må ha lokal leiing. Det vart ikkje oppnådd ved forhandlingar med Stavanger og fusjonsplanar var broten. I 2016 starta forhandlingar mellom HSH og høgskulane i Bergen og Sogn. Høgskulen for Vestlandet vart offisielt opna 1.januar 2017, og det er lagt opp til lokal leiing ved alle avdelingane.

Utdanningsrøyret- frå fagarbeidar til teknisk ingeniør

Hjørnesteinsbedriftene på Stord tok i 2012 eit initiativ for å få fagarbeidarar til å ta teknisk fagskule. Det vart oppretta eit tilbod der dei tilsette kan bevega seg mellom jobb og utdanning i ein rotasjon på ei veke studie og tre veker jobb. Tilbodet skulle og gjevast til personar i bedrifter i heile regionen. Arbeidet har hatt fokus slik at tilbodet vart sentralt for å halda på og utvikla kompetansen i regionen. Det var oppstart av første kull med tekniskarar på ingeniørstudiet ved høgskulen hausten 2016. Dette var ein milepåle!

Det vart søkt Hordaland fylkeskommune om delfinansiering av eit nytt kull med teknisk fagskule med oppstart hausten 2017. Det er no løyvd kr. 4 440 000 til oppstart av eit nytt kull. Eit kriterie er at bedriftene stiller med noko av kompetansen.

Mulighetsarena

I 2016 var arbeidsløysa i regionen veksande, og i regi av Byregionprogrammet vart det teke initiativ til eit møte mellom Høgskulen, NITO, Fellesforbundet, næringsråda og Atheno AS for å drøfta om ein felles kunne gjera noko for å halda på kompetansen i regionen.

Resultatet vart Mulighetsarena for arbeidssøkjande” som vart arrangert 23.februar 2016. Rundt 20 verksemder og organisasjonar som hadde behov for arbeidskraft deltok med stands og korte innlegg. Det var innlegg om utdanningsmoglegheit, karriererettleiing, nye bransjar, etablerarretteiing og ikkje minst kva som var viktig for den enkelte å ta fatt på som arbeidssøkande. Hovudmålgruppa for samlinga var ingeniørar og fagarbeidarar.

Det vart gjennomført ei spørjeundersøking på kva deltakarane meinte var viktig framover. Fleire meinte at møteplassar var viktige.

Difor har NITO og Fellesforbundet teke ansvar for vidare oppfølging og starta opp med Mulighetskafe.

Dette er ein møteplass for arbeidsledige og permitterte ein gong kvar 14.dag. Her vert det gjeve korte temabaseerte innlegg. Dette vart testa ut på Stord, men er og tenkt andre stader i regionen.

Dette tiltaket fell og inn under strategien «Saman er me sterke»
Prosjektlear orienterte om dette tiltaket på Nettverkssamlinga i Ålesund.

Framtidsbilete

Arbeidslivet er i endring, og i samarbeid med sentrale aktørar vart det i regi av Byregionprogrammet arrangert ein konferanse under tema: Framtidsbilete på arbeidslivet i Sunnhordland. Kva kompetanse vil Sunnhordland ha bruk for i framtida?

Målgruppa var rektorar, skuleeigarar, rettleiarar og rådgjevarar i vidaregåande skular i regionen.

Korleis bør den vidaregåande opplæringa i Sunnhordland sjå ut i framtida

I september 2018 vert det fokus på kor viktig den vidaregåande opplæringa er for rekruttering og kva behov arbeidslivet ser for kompetanse i framtida. Korleis skal Sunnhordland sikra eit godt og framtidsretta skuletilbod i regionen?

Målgruppa for konferansen er fylkespolitikarar, lokalpolitikarar, næringsliv og representantar frå dei seks vidaregåande skulane i regionen. Det vert drøfting på korleis Sunnhordland kan sikra eit godt og framtidsretta skuletilbod i regionen.

Vurdering av resultatata

I søknaden om deltaking i fase 2. hadde Sunnhordlandsregionen heilt klare indikatorar på kva som skulle gjennomførast. Ein stor del av dette er gjennomført. – sjå vedlegg.

Hovudmålet «Stord, lokomotiv for vekst og utvikling» var ambisiøst og det kan stillast spørsmål om dette er nådd. Det kjem heile tida inn nye moment, og i skrivande stund er det strid om nedlegging/ og eller flytting av tingretten, og lokalisering av nytt ferjeleie på Stord. Det vert på nytt hevda at Stord ikkje tek rolla si som regionsenter. I saka om tingretten slår sju kommunar ring om Stord, medan ein er utfordrar. Slike prosessar vil alltid vera ein del av dynamikken i regionen.

Nytten av å delta i Byregionprogrammet

Gjennom Byregionprogrammet er det gjennomført to felles formannskapsmøter, det har vore fleire møteplassar mellom politikarar og næringsliv på tvers av bransjar og i bransjar. Dette har styrka samarbeidet i regionen.

Byregionprogrammet har tilført ressursar som har gjeve handlingsrom til gjennomføring av aktivitetar og tiltak me ikkje hadde hatt moglegheiter til elles. Nettverksbygging, nye møteplassar og tettare samhandling mellom ulike aktørar har gjeve resultat og vil gje resultat vidare.

Forventa effekt på lang sikt er at auka samhandling mellom politikk og arbeidsliv vil gje synlege resultat.

Reiselivsklynga og Matfatet Sunnhordland består av tilsaman 100 bedrifter. Dei har gjennom tiltak i Byregionprogrammet fått ein felles plattform å arbeida ut i frå. Prosessar i utvikling av merkevara Kystperleriket Sunnhordland og utvikling av kompetansehevingsprogrammet SKAP har løfta bedriftene og dei er no klare til å arbeida for å få status som Berekraftig reiselivsdestinasjon. Arbeidet startar no og vil og vera sentralt i utvikling av Geopark Sunnhordland.

Vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet

Sunnhordland har hatt stor nytte av å delta i Byregionprogrammet. Det har vore lærerike nettverkssamlingar, ikkje minst ved å treffa andre regionar som arbeider med nokre av dei same problemstillingane. Distriktssenteret har vore flinke til å finna relevante tema for utviklingsarbeidet, og til å få deltakarane til å dela sine erfaringar. Oppfølgingsamtalane mellom Distriktssenteret og prosjektleiar har vore skjerpande og inspirerende.

Å få tilført ekstra ressursar til å gjennomføra tiltaka har vore uvurderlege. For Sunnhordland sin del har Byregionprogrammet og ført til delfinansiering frå Hordaland fylkeskommune.

Kva fekk me ikkje til

Ambisjonane i søknaden var store. Sentrale aktørar som var med å forma tiltaka og skulle ha ei sterk rolle har ikkje følgt dette opp. Difor vart fokus på industri i Byregionprogrammet tona ned.

Svært mange av dei politkarane som var med på å utforma søknaden vart ikkje gjenvalt ved valet i 2015. Det har vore vanskeleg å få dei til å ta eigarskap til Byregionprogrammet, dei har sett på arbeidet som ein del av oppgåvene til Samarbeidsrådet. Det har mange andre aktørar også.

Dette har både fordelar og ulempar. Ein fordel er at ein del av arbeidet no er teken med i Strategisk plan for Sunnhordland 2018- 2021, slik at arbeidet vert teken vidare.

Planar etter Byregionprogrammet er avslutta Sunnhordland

Strategi 1. Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling

Ved å vidareutvikla eksisterande næringsliv, skapa nye møteplassar på tvers i bransjar og imellom ulike bransjar skal innovasjon og nytenking sikra eksisterande arbeidsplassar og utviklast nye.

Etter Byr

Regionen har fått etablert to solide industriklynger, uavhengig av Byregionprogrammet. Ei tredje er under etablering.

I regi av Byregionprogrammet er det etablert ei teknologiklynge TekDu, der unge etablerarar innan teknologi vert kopla saman med etablert industri. Dette vert vidareført etter Byr.

Reiseliv : Klynge er etablert og skal arbeida vidare med å få status som Berekraftig reisemål.

Kultur. Det vert arbeid med ei klynge av kulturbedrifter som skal vera «eigarar» av Geopark Sunnhordland. Avgjerd om Norsk status kjem i desember 2018. Bærekraft, mat og reiseliv er del av denne satsing.

Mat: Det er etablert ei klynge på ca 30 bedrifter innan mat og matkultur. Dei skal vidareutvikla matsatsing i regionen

Strategi 2. Den tette byen

Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå.

Etter Byr

Dette er eit langsiktig arbeid, med byutvikling og infrastruktur. Stor del av dette vil bli ivareteken av Samarbeidsrådet og Stord kommune.

Strategi 3. Saman er me sterke

Ved å utvikla tette samarbeidsarenaer skal regionen vidare utviklast til å verta attraktiv for nye innbyggjarar og for dei som alt bur her.

Etter Byr

Det er etablert eit godt samarbeid mellom politikarar og næringsliv. Dette vil bli ivareteken av Samarbeidsrådet.

Strategi 4. Kompetanseregionen

Behalda og utvikla kompetansen i regionen.

Etter Byr

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har kompetanse som satsing i sin Strategiplan for 2018-2021. Det er etablert nye samarbeidsarenaer, som saman vil arbeida for dette. Det vert no arbeidd for å etablera regionale grupper for gjennomføring av Regional plan for kompetanse i Hordaland. I Sunnhordland vert gruppa i stor grad samansett av aktørane som har arbeid saman for gjennomføring av tiltaka innan kompetanse i Byregionprogrammet.

Anna

- Hordaland fylkeskommune har vore med frå starten, ved å ha representant med på utarbeiding og prioritering av strategiane. Hordaland fylkeskommune er med og delfinansiere arbeidet
- Det er samsvar mellom fleire av strategiane i Regional Næringsplan og Plan for senterstruktur og strategiane i Sunnhordland sitt Byregionprogram.
- Det har ikkje vore drøfta om fylkeskommunen vert med vidare, men det ligg naturleg i strategiane at fleire av tiltaka vert vidareført som tiltak i eksisterande RUP og ved rullering 2018.
- Nokre av tiltaka vert teken vidare i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Sunnhordland, 27. september 2018

Gro Jensen Gjerde
prosjektansvarleg